



Aasne Arnesen i full fart på Heio under cupen

**Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet ligg no ute til høyring, men der er det skrive lite om anlegg i Uskedalen.**

**Det vil det no bli retta på gjennom eit møteopplegg som munnar ut i eit ope møte med dette som tema.**

**Det vert halde 6. februar klokka 19 saman med årsmøtet til Uskedalen utvikling i Gamleskulen.**



Dugnad rundt grusbana ved ein aktiv kvartett: Eli Eiane Klyve, Ase Myklebust, Haldis Akra og Anita Simensen

Planen omhandlar anleggsutvikling, idrettsutvikling og aktivitetar, friluftsliv og folkehelse.

Under eit møte som kultursjef Kristian Olav Bringedal har hatt med idrettslaget denne veka vart dei samde om å fylgja opp det arbeidet som var starta for eitpar år sidan med eit møte i UU om kultur- og idrettsanlegg, drifta og ein forenkla struktur.

Fram til februar møtet må partane drøfta temaet i sine



organisasjonar. Idrettslaget må drøfta Heio og grusbana, Aktivitetshuset si drift, friluftslaget stemneplassen i Skårhaug og oppvekstsenteret ved FAU og barnehagen arealet for leik og fysiske aktivitetar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen